


# SKIPSELLEREN


STEINALDERBUPLASS / STONE AGE SETTLEMENT / STEINZEITLICHE WOHNPLATZ



**N** Skipshelleren har namnet sitt etter bruken i seinare hundreår som vinteropplagsplass for båtar. Kanhenda går denne tradisjonen bakover mot mellomalderen. Idag er dette ein av dei mest kjende steinalderbuplassane her i landet. I 1930/31 vart det her grave ut eit rikt buplassfunn. Steireidskapane er få, men det som kom for dagen av beinreidskapar og avfallsrestar i helleren, plasserer funnet i første rekkje mellom vestnorske steinalderbuplassar. Dei eldste funna er daterte til omlag 5200 f. Kr. (kalibrert 14C-alder), og helleren har vore nytta til busetjing gjennom nærare 6000 år. Då folk første gong tok denne staden i bruk, låg hellergolvet berre nokre få meter over flomålet. Klimatet var varmare enn no. Fisken i fjorden og dyrelivet i den frodige eikeblandingskogen skapte livsgrunnlaget, og den lune hellerveggen gav ly for fangstfolket.

**GB** In recent centuries, boats were kept under the rock overhang during wintertime, hence the name 'the boat-cove'. Today however, Skipshelleren is primarily known for its Stone Age settlements. Important finds were made in 1930/31. Few stone artifacts, it is true, but the quantities of bone tools and refuse uncovered, put Skipshelleren among the foremost West Norwegian Stone Age sites. The oldest finds are dated about 5200 B.C. (calibrated Carbon-14 dating), the cove having been used for nearly 6000 years. When first settled, the cove had a floor only a few meters above high-water mark. The climate was warmer than now. Fjord fish, and the animal life of the lush forests, provided food, and the dry cove shelter for the hunting folk.

**D** Dieser überhängende Felsen diente in neuerer Zeit als Liegeplatz für Boote - daher der Name. Heute ist es einer der bekanntesten steinzeitlichen Wohnplätze Norwegens. 1930/31 wurden hier reiche Spuren einer Siedlung ausgegraben. Wenige Steinwerkzeuge zwar, doch was an Knochen und Abfällen gefunden wurde, deutete auf einen großen west-norwegischen Wohnplatz aus der Steinzeit hin. Die ältesten Funde gehen auf ungefähr 5200 v.Chr. zurück (kalibrierte 14 C-Zeit), und der Felsen wurde fast 6000 Jahre als Wohnplatz genutzt. Als das erste Mal Menschen hierher kamen, lag der Felsenboden nur wenige Meter über der Flutmarke. Der Grund war ein milderes Klima. Fische im Fjord und das Tierleben in dem dichten Eichenmischwald war die Lebensgrundlage, und unter dem Felsen fanden die Jäger und Fischer Schutz.



## RESSURSGRUNNLAGET

175.000 bein og beinsplinter fortel om eit rikt fiske- og dyreliv på staden. Her er restar av 23 artar pattedyr, 48 artar fugl og 22 artar fisk. Men nokre få artar står fram som dei viktigaste. Folket i helleren var først og framst hjortejegar, men dei veida òg mykje villsvin, bjørn og elg. Dessutan har selfangsten vore viktig. Av pelsdyr fanga dei særleg oter og mår. Dei dreiv fuglefangst, helst på tiur og orre, men òg på rype, andefuglar og sjøfugl. Dei har òg nytta planter, frukt og bær. I vel 4500 år gamle lag frå yngre steinalder er det funne restar av sau/geit og storfe, i dei yngre laga også hest. Bein av hund fanst i alle laga.




## HELLEREN FORTEL

Det er helst ute ved kysten, på øyane, vi finn spor etter busetnad frå eldre steinalder i Hordaland. Lengre innover i fjordane er funna meir spreidde, men øksefunn syner at folk ferdast også her. Skipshelleren er difor ei viktig kjelde til kunnskap om bruken av fjordlandskapet for 6-7000 år sidan. Under helleren har avfallsdyngja lege tørt gjennom tusenåra. Regn og sigevatn har ikkje løyst opp det organiske materialet slik tilfellet er på opne buplassar. Difor kunne ein her finna, heilt og uskadt, det som andre stader er borte. Her fanst mengder med avgnegne, mergkloyvde bein, så godt konserverte at det synest utruleg at dei har lege her i meir enn 7000 år. Dei 175.000 beina som vart funne fortel om dyrelivet i desse traktene i eldre steinalder. Beinreidskapane gjev oss innsyn i dei fangstmetodane steinalderfolket nytta.

## REISKAPANE


Steinalderfolket må ha kjent til mange ulike fangstmetodar. Dei hadde pil og boge, kastespyd, harpunar, lystrar, garn og ulike slag fiskereiskap. I tillegg kan vi tenkja oss at dei har hatt fellar. Dei har utnytta terrenget og jaga dyr utfør stup, eller fanga dei i tronge klype. Dessutan brukte dei magi og trolldom. Skipshelleren var truleg ein fangststasjon, brukt til visse årstider. Dei små funnmengdene av steinavfall og hushaldsreiskapar kan tyda på det. Men beinmengdene syner at når dei var her, vart det drive storfangst. Bein av unge hjortekalvar vitnar om fangst sumar og haust. Kanskje drog hellerfolket ut til kysten vinterstid? Utanom fangstreiskap er det funne beinnålar som vitnar om at skinn vart sydde saman til klede og kanskje til skinnbåtar.




## UTGRAVINGANE

Skipshelleren vart graven ut i 1930/31 av Bergen museum under leing av professor Johannes Boe. Det vart i alt avdekkja 7 kulturlag; frå eldre og yngre steinalder, gjennom bronsealder og opp i jernalderen til omlag 600 e. Kr. Bein av villsvin er funne i dei fire nedste laga. Dette tyder på at klimatet har vore varmare og voksterlivet frodigare enn i vår tid. Helleren låg ved innseglinga til ein lang fjordarm, vassflata berre litt lågare enn hellergolvet.

## PRINSIPSNITT GJENNOM FUNNLAGA



Redaksjon: Hordaland fylkeskommune, Vaksdal Kommune, Riksantikvaren  
Fagkonsultantar: Historisk Museum, Zoologisk Museum (Universitetet i Bergen)  
Tekst: Hordaland fylkeskommune  
Foto: Ann Mari Olsen (Historisk museum UIB)  
Arkivfoto: Historisk museum (UIB)  
Illustrasjonar: Stella East



SKIPSELLEREN ER FREDA I MEDHALD AV «LOV OM KULTURMINNER».  
VIS RESPEKT OG OMTANKE FOR VÅR FELLES KULTURARV!  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE OG VAKSDAL KOMMUNE.